

Norges vassdrags- og energidirektorat
Boks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Trondheim, 13.02.2014

Dykkar ref.:
NVE 201305309-6 ke/malh, 201207465-6

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2014/64

Sakshandsamar:
Kristin Bodsberg


Meldingar om Sveio og Ryvarden vindkraftverk – Miljødirektoratet si fråsegn

Miljødirektoratet har nokre kommentarar til kvar av dei to meldingane. Vi peikar også på at ved høyringa av søknadene bør det liggje føre ei vurdering av kva konsekvensar det får for omgjevnadene om ein byggjer både dei to vindkraftverka i Sveio.

Saka

NVE har sendt på høyring meldingar om to vindkraftverk i Sveio kommune i Hordaland. Planområda for *Sveio vindkraftverk* og *Ryvarden vindkraftverk* ligg både heilt vest i kommunen, mot Bømlofjorden.

Dei to prosjekta



Planane for Sveio vindkraftverk (Norsk Vind Energi as) omfattar 8-15 vindturbinar med ein total installert effekt på 30-40 MW. Prosjektet blir planlagt innanfor heiområdet Havåsen/Trehovdfjellet/Nordskogfjellet om lag 3 kilometer nordvest for Sveio sentrum. Planområdet ligg frå 100 moh. og oppover, mot den høgaste toppen på 169 moh.

Ryvarden vindkraftverk (Ryvind AS) sine planar omfattar også 8-15 vindturbinar, med ein total

installert effekt på 24-45 MW. Området ligg sør for det planlagte Sveio vindkraftverk, om lag 1 kilometer frå Ryvarden kulturfyrtårn, og om lag 5 kilometer vest for Sveio sentrum.

Dei to prosjekta ligg nært kvarandre: Avstanden mellom yttergrensene for dei to planområde, har vi målt til å vere 3 kilometer. Det er relativt stor avstand til andre aktuelle vindkraftverk i regionen.

Miljødirektoratet sine kommentarar

Denne høyringsfråsegna byggjer på følgjande dokument:

- Norsk Vind Energi 2012: Melding om planlegging av Sveio vindkraftverk.
- Solvind Prosjekt AS, udat.: Ryvarden Vindkraftverk. Melding med forslag til utredningsprogram.
- Ecofact, 2013. Ryvarden vindkraftverk. Aktuelle utredningstema - notat.

Miljødirektoratet kjem her med innspel til konsekvensutgreiingane. Vi fokuserer på dei tema som vi vurderer ikkje er tilstrekkeleg belyste gjennom meldingar og framlegg til utgreiingsprogram.

Samla verknader

Det er positivt at NVE legg opp til samtidig vurdering av vindkraftverk som ligg nært kvarandre geografisk. Til høyringa på søknadene bør NVE likevel syte for at det ligg føre vurderingar om samla verknader - kva konsekvensar det får for omgjevnadene dersom både anlegga blir realiserte - i tillegg til dei to separate konsekvensutgreiingane.

Dei to prosjekta kjem til å ha dels overlappande visuelt influensområde. På avstand vil ein truleg oppfatte dei to anlegga som eitt stort vindkraftverk. Frå nokre nærområde - mellom anna frå sentrum i Sveio kommune - vil ein få utsyn til nærliggjande vindkraftverk på to kantar. Informasjon om slike forhold er relevant for høyringspartane, og NVE bør difor syte for at det blir utarbeidd visualiseringar av både prosjekta samla, og eit kart som syner samla visuelt influensområde.

Naturmangfaldlova § 10 slår fast at ein skal vurdere samla belastning på naturmangfaldet av eksisterande og forventa framtidige inngrep og tiltak; jf. også § 7 som slår fast at det skal gå fram av vedtaket korleis dette er vurdert. Miljødirektoratet vil tilrå at vurderingane av samla påverknad på naturmangfold opp mot forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 blir utarbeidd før sjølve vedtaket, slik at dei kan følgje høyringa på desse to søknadene.

Til no finst det lite informasjon om dyrelivet i plan- og influensområda. Det vidare utgreiingsarbeidet vil få fram kva tema ein bør fokusere på i ei vurdering av samla verknader på mangfaldet av artar, økosystem og naturtypar. Både meldingane tar opp at det finst hubro i nærområda, og det er naturleg at ein tar opp kva verknader det kan få for den regionale bestanden av denne truga arten dersom både vindkraftverka blir realiserte.

Det er generelt lite inngrepsfrie naturområde att på kysten av Nord-Rogaland/Sunnhordland. Både prosjekta vil leggje beslag på inngrepsfrie område, og det eine av desse går ned til sjøen. Ein bør rekne på kor stort samla tap av inngrepsfrie område blir, og gjere ei vurdering av dette i forhold til attverande område i kommunen og i regionen.

Fleire tema kan vise seg å vere aktuelle, avhengig av kva som kjem fram i utgreiingsarbeidet, t.d. regionalt friluftsliv.

Sveio vindkraftverk

Meldinga gir ein ryddig presentasjon av tiltaket og kva for vurderingar som er gjort når ein har valt planområde med førebels avgrensing.

Det er ei mangel ved meldinga at ho ikkje omtaler naturreservatet som ligg tett opptil det planlagde vindkraftverket. Den eine vegen som det er aktuelt å byggje ut til tilførselsveg, går nært reservatet. Skiftestad naturreservat er eit våtmarksområde med eit rikt fugleliv. Vindkraftverket treng ikkje nødvendigvis å kome i stor konflikt med verneverdiane i eit naturreservat som ligg på eit heilt anna høgdenivå, men det er viktig å få belyst det gjennom konsekvensutgreiinga. Ein skal vere merksam på problemstillingar rundt endring av hydrologiske forhold som følgje av utviding av vegen, og at støy og auka trafikk og ferdsel på vegen kan verke inn på livsmiljøet.

Eit område i midten av planområdet er i inngrepsfri sone 2 etter definisjonane for inngrepsfri natur i Noreg (INON). Det vil seie at det ligg meir enn 1 kilometer frå næraste tyngre, tekniske inngrep (i dette tilfellet veg). Dette området, og problemstillingar kring nedbygging, burde også ha vore tatt opp i meldinga.

Tiltakshavar sitt framlegg til utgreiingar (kap. 6 i meldinga) inneheld mange av dei aspekta det er viktig å få belyst når det gjeld Miljødirektoratet sine arbeidsområde. Vi har likevel nokre kommentarar, og vil trekkje fram følgjande:

Infrastruktur (6.2.7):

- I konsekvensutgreiinga bør ein vere nøye med å handsame nødvendig infrastruktur (vegar, nett mv.) som ein del av tiltaket, ikkje som eit tema for utgreiing. Det er også viktig at tilførselsvegen (ev. med fleire alternativ) blir tatt med her. Dersom tiltakshavar vel å presentere berre eitt alternativ for tilførselsveg i konsekvensutgreiinga, er det viktig at dette valet blir grunngitt godt.

Naturmangfald (6.2.4):

- Vi reagerer litt på bruken av omgrepet «kort beskrivelse» i framlegget til utgreiingar når det gjeld plante- og dyreliv; utgreiinga bør gi grundig informasjon om kva ein veit om områda og korleis tiltakshavar vurderer konsekvensane, slik at høyringspartane får høve til å kommentere dette.

Tema som ikkje er tatt opp i framlegget til utgreiingsprogram:

- Konsekvensar for verneverdiane i det nærliggjande naturreservatet bør inn som eit tema i utgreiingsprogrammet.
- Det bør også framkomme at ein skal rekne ut kor mykje inngrepsfri natur som vil gå tapt, og at tapet skal vurderast i lys av den regionale situasjonen når det gjeld inngrepsfri natur.

I det siste avsnittet i dette brevet har vi sett opp nokre råd om utgreiingane som gjeld både prosjekta, både Sveio og Ryvarden.

Ryvarden vindkraftverk

Planområdet ligg i det største kystlyngheiområdet som no er att i Sveio kommune. Heia har samstundes rike kvalitetar som turområde. Dei sentrale delane av dette lyngheiområdet er også registrert som eit inngrepsfritt område som går ned til sjø. Eit vindkraftverk i dette område vil kome i konflikt med fleire viktige miljøtema, og det er viktig at dette kjem fram av konsekvensutgreiinga. Etter vår vurdering blir konfliktpotensialet underkommunisert i meldinga, særleg når det gjeld kystlynghei.

I avsnittet om konsekvensar for jord- og skogbruk står det at auka bruk av området til beite også vil «kunne bidra positivt til å vedlikeholde kystlyngheien som karakteriserer planområdet».

Miljødirektoratet kommenterer ikkje konsekvensane for jordbruksnæringa, men vi vil slå fast at eit vindkraftverk i dette området ikkje vil auke verdien av naturtypen kystlynghei i planområdet.

Som det står i meldinga (s. 10-11) er lokaliteten vurdert som viktig på grunn av *storleiken*. Informasjon om området frå Naturbase fortel at lokaliteten er gitt verdien B (viktig) (skalaen for område som er gitt ein verdi, går frå A til C). Storleiken har trekt opp og noko svak skjøtsel har trekt ned ved verdivurderinga. Lokaliteten har i følgje informasjon på Naturbase «*potensial til å bli et A-område dersom grunneiere/dyreeiere og forvaltningen får til organisering av et større og mer helhetlig driftsopplegg*». Området inneheld areal med purpurlyng i sørvendte skråningar, noko som er særleg verdifulle utformingar av naturtypen.

Etter nyare avgrensing i 2012 er området betydeleg større enn det som kjem fram av kartet på s. 10 i meldinga.

Konsekvensane av prosjektet for naturtypen kystlynghei i planområdet er i første rekkje tapet av eit samanhengande område, og det er dette som blir viktig å få fram og å utdjupe gjennom konsekvensutgreiinga. Verdien av lokaliteten er knytt til at dette er eit stort, samanhengande område med god arrondering, og området sin viktigaste kvalitet vil difor gå tapt om det blir bygd vindkraftverk der. Dette gjeld sjølv om tilførselsvegen og internvegane mellom turbinane eventuelt kan seiast å ville lette bruken av området til framtidig beite. Ein slik konsekvens er for det fyrste vanskeleg å føreseie, og eventuell skjøtsel av mindre delområde på den måten vil uansett ikkje vege opp for tapet ved fragmentering av eit større område. I Ecofact sitt notat (s. 6) står det dessutan at det er starta skjøtsel i form av rydding og brenning, i alle fall i delar av området.

Planområdet og tilgrensande område er viktige for friluftsliv. Ein kyststi som er den fyrste etappen på Nordsjøløypa går frå Ryvarden fyr og nordover; eit strekk av stien ligg innanfor planområdet. Nordsjøløypa er ei internasjonal satsing på vandrerutar. Vi kjenner ikkje til kor mange som faktisk bruker turstien, men det er openbart eit område med store kvalitetar.

Miljødirektoratet har følgjande kommentarar til tiltakshavar sitt framlegg til utgreiingsprogram (kap. 11 i meldinga):

Presisjon

- Vi reknar med at det endelege utgreiingsprogrammet kjem til å bli endra i tråd med NVE sin mal, og at ordlyden ikkje vil bli slik som i forslaget frå tiltakshavar. Likevel vil vi peike på at forslaget som tiltakshavar har lagt fram, verkar lite gjennomarbeidd. Nokre tema er tatt opp to gongar, og teksten i utgreiingsprogrammet avspeglar ikkje kva vurderingar som er gjort i meldinga når det gjeld konfliktnivå for ulike tema. Vi meiner tiltakshavar burde ha brukt konklusjonane i meldinga til å avgrense/målrette utgreiingsprogrammet meir.

Naturmangfald (11.8):

- Eksisterande informasjon om lyngheiområdet bør kontrollerast, oppdaterast og supplerast gjennom synfaringar. Dette gjeld avgrensing av området, registrering og kartfesting av særskilt verdifulle utformingar samt førekomstar av raudlisteartar, og status når det gjeld skjøtsel.

- Ved vurderinga av konsekvensar for lynghieområdet må ein leggje vekt på at utbygging medfører fragmentering av eit samanhengande, større område. Konsekvensar av slik fragmentering bør vurderast spesielt grundig knytt til purpurlynghei og eventuelle truga artar.
- Utgreiinga bør også vurdere kva verdi dette samanhengande lynghieområdet har i ein større region, og kva konsekvensar ei oppsplitting av området får for naturtypen på regionalt nivå. Kystlynghei blir stadig mindre vanleg grunna utbygging og attgroing, og reknast i dag som ein sterkt truga naturtype (*Artsdatabanken: Norsk rødliste for naturtyper 2011*).
Inngrepsfrie naturområde (11.9 og 11.14):
- Det bør også framkomme at ein skal rekne ut kor mykje inngrepsfri natur som vil gå tapt, og at tapet skal vurderast i lys av den regionale situasjonen når det gjeld inngrepsfri natur.

Felles for utgreiingsprogrammet for både prosjekta

Miljødirektoratet tilrår at framgangsmåten som er gitt i rettleiaren *Landskapsanalyse - Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi* (Clemetsen og Simensen 2010; Aurland naturverkstad) blir brukt i samband med landskapsutgreiinga. Miljødirektoratet har sett at dette har gitt tydelege og etterprøvbare landskapsutgreiingar ved andre vindkraftverk.

Vidare tilrår vi bruk av rettleiaren *Visualisering av planlagte vindkraftverk*, utgitt av NVE, 2007.

Blant fotostandpunkta bør ein velje eit punkt som gjer at heile (eller det aller meste av) vindkraftverket blir synleg i visualiseringa.

Metodikken i DN-håndbok 13 *Kartlegging av naturtyper / Verdisetting av biologisk mangfold* er retta inn mot å kartleggje lokalitetar med stor verdi for naturmangfald, og vi tilrår at denne blir brukt ved ny naturtypekartlegging.

Vi tilrår også bruk av DN-håndbok 25 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Reidar Dahl
seksjonsleiar

Kristin Bodsberg
seniorrådgjevar

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Postboks 8013 Dep
Postboks 7310
Boks 7900

0030 Oslo
5020 Bergen
5020 Bergen